

Til  
Volda kommune  
v/kommunedirektøren

21.03.2024

Uttale frå hovudtillitsvalde i Volda kommune -

## Innføring av Helseplattformen i Volda kommune

Dei hovudtillitsvalde i Volda kommune har drøfta saka om innføring av Helseplattformen i Volda kommune. På bakgrunn av den informasjonen som vi har blitt førelagt er vår anbefaling at saka om innføring av Helseplattformen blir utsett.

Det er store usikkerheitsmoment knytt til innføringa av Helseplattformen på noverande tidspunkt.

Helseplattformen svarar ikkje til forventingane i dag. Det er ein del feil og manglar som ikkje er retta enno, men som kan bli betre på sikt. Sjølv om nokre kommunar verkar nøgde, er formålet ein pasient - ein journal. I dag er det langt opp og fram til dette, spesielt med tanke på å få med fastlegane.

I oversikta over risikoar ved å seie ja til Helseplattforma er det mange punkt som er kategorisert som raude risikoar utan at det føreligg handlingsalternativ som reduserer denne risikoen til eit akseptabelt nivå. Dei største risikoane ved å seie ja til Helseplattformen er budsjettsprekk, redusert tenesteproduksjon, og fråfall av personell som sluttar eller vert sjukmeld. Som hovudtillitsvalde kan vi ikkje tilråde innføring av eit system som har så høg risiko utan forslag om tiltak for å redusere risikoen.

Innføring av Helseplattformen vil medføre eit betydeleg opplæringsbehov, også det utan at vi veit omfanget av opplæring, kostnadane ved å ha vikarar medan andre tilsette er i opplæring, og den tapte tenesteproduksjonen medan mange er i opplæring. Det vil krevje mykje av tilsette som skal vere superbrukerar knytt til opplæring og rettleiing, og vi er usikre på om vi har dei personane som kan ta på seg superbrukarrolla. Berre for institusjonstenesta i Volda kommune må vi ha mellom 15-20 superbrukarar. Opplæringsbehovet vil være særleg stort blant tilsette i deltidsstillingar. I helse og omsorg er heiltidsandelen blant turnustilsette på 19,9% og fleire avdelingar har tilsette under 40% stilling. Vi er uroa over signal om at tilsette som har under 40% stilling slit med å ta Helseplattformen i bruk, og at deltidstilsette som jobbar i to deltidsstillingar vert sjukmeld frå den eine deltidsstillinga på grunn av at det blir for lite tid til opplæring.

Av den informasjonen som hovudtillitsvalde har fått tilgang til går det ikkje klart fram kva som er kostnaden ved å utsette saka, men kostnaden vil være vesentleg mykje lågare enn å investere i eit system som det er stor usikkerheit rundt knytt til funksjonaliteten og kva dette vil koste i form av personalkostnadar når alle tilsette skal ha tilstrekkeleg med opplæring til å nytte Helseplattformen på ein effektiv måte.

Det er også knytt stor usikkerheit til at fleire etatar har oppretta tilsynssak for å granske Helseplattformen, og at desse rapportane ikkje vil være klare før etter Helse Møre og Romsdal har teke systemet i bruk. Dersom det i desse tilsyna blir avdekka alvorlege avvik vil det føre til store ekstrakostnadar for å lukke avvika og kan i ytste konsekvens føre til at Helseplattformen ikkje kan nyttast i det heile.

Vi meiner Volda kommune bør vente så lenge som råd med å gå for løysinga og sjå ann utviklinga. Då får vi også meir tid til informasjon og involvering av dei tilsette.

Volda kommune bør sjå ann korleis det går med Volda og Ålesund sjukehus som no skal innføre Helseplattformen, og vidareutvikling av løysingar og rettingar i plattforma.

Vi meiner det ikkje er eit alternativ å seie nei til Helseplattformen no, og har forstått det slik at ved ei utsetting kan vi ta ei ny vurdering neste år.

Fram til det føreligg meir konkret informasjon om konsekvensane ved å seie ja til Helseplattformen rår hovudtillitsvalde i Volda kommune til at saka blir utsett.

*Med vennleg helsing*

Fagforbundet v/Ingunn Svendsen

Utdanningsforbundet v/Cathrin Fremmerlid

Sykepleierforbundet v/Lena Sætre

FO v/Hermod Halse

Delta v/Bodil Egset

Akademikerforbundet v/Nina Kvalen

Samfunnsviterne v/Heidi Istad

NITO v/Knut Øystein Ekroll

Tekna v/Siri Birkeland Solheim

Ergo-/fysioterapeutforbundet v/Karianne Sveen Orvik